
Saksnr: 2020/45561-5
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2», ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.

Samandrag

Forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2» har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve og av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve, på bakgrunn av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 06.03.2018. I denne saka vert difor kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den femte oppfølginga av forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilbakemelding oppfølging av forvaltningsrevisjon av innkjøp og forretningsdrift ved dei vidaregåande skulane del 2
- 2 overordna rutine
- 3 elevarbeid
- 4 oppdragverksemd

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 08/2018 i møte 06.03.2018:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Etablere ein tydeleg definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.*
2. *Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.*
3. *Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.*
4. *Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.*
5. *Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:*
 - a) *korleis forretningsdrift skal bli budsjettert*
 - b) *kva oppdrag skulane kan utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert*
 - c) *første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for*
 - d) *riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva*
 - e) *eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering*
 - f) *rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.*
6. *Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.*
7. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve og av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve, der det i møte i kontrollutvalet 25.11.2020 vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tek til orientering status på oppfølging av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2». Vidare har kontrollutvalet merka seg at det snart er 3 år sidan Hordaland fylkesting gjorde sitt vedtak for denne forvaltningsrevisjonen og at det difor har teke uforholdsmessig lang tid å få plass forbetningsarbeidet.*
2. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 1, 2, 5 og 6 i handlingsplanen innan 27.01.2021*
3. *I tilbakemeldinga for punkt 1 må det gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift, slik kontrollutvalet også vedtok i møte 11.05.2020.*
4. *Kontrollutvalet ber vidare om at tilbakemeldinga må innehalde skriftleg dokumentasjon eller døme som viser det som er gjort på punkta 1, 2, 5 og 6 for å få på plass forbetringane.*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med revisjonsrapportar blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e.

Rapportering til fylkestinget i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for fylkestinget til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke notat dagsett 22.01.2021 frå fylkesrådmannen med status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2».

Vi har merka oss at «Overordna retningsliner for forretningsdrifta ved skulane» no er utarbeidd og at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vera nøgd med det arbeidet som er gjort, ønskje lukke til i det vidare arbeidet og seie seg ferdig med saka.

Konklusjon

Som konklusjon på det som kjem fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2», ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.